



«Mottakernavn»  
«Adresse»  
«Postnr» «Poststed»  
«Kontakt»

Saksbehandlar, innvalstelefon

Kristine Hetlesæter, 5764 3142

## Vedtak om løyve til Mowi Seawater Norway AS for produksjon av matfisk av laksefisk ved lokaliteten 11803 Kyravika i Fjaler kommune

---

Statsforvaltaren gir Mowi Seawater Norway AS nytt utsleppsløyve for ei permanent utviding av maksimalt tillaten biomasse (MTB) til 4680 tonn på lokaliteten 11803 Kyravika i Fjaler kommune.

Løyvet er gjeve med vilkår om overvaking av sårbart naturmangfald ved lokaliteten.

Løyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11, jf. § 16.

---

Vi viser til søknad frå Mowi Seawater Norway AS datert 16.09.2024.

### 1 Vedtak

Statsforvaltaren i Vestland har vurdert at den omsøkte verksemda ved lokaliteten Kyravika er ulovleg utan særskilt løyve jf. forureiningsforskrifta § 34-2 andre ledd bokstav d.

Statsforvaltaren gir Mowi Seawater Norway AS løyve til forureinande verksemd. Løyvet med krav og vilkår ligg vedlagt. Løyvet er gitt etter forureiningslova § 11, jf. § 16.

Løyvet gjeld frå 21.10.2025. Løyvet etter forureiningslova kan likevel ikkje takast i bruk før Vestland fylkeskommune har gitt løyve etter akvakulturlova.



## 1.1 Fristar

Frist	Innhald	Vilkår nr.
1. mars kvart år	Rapportere miljødata og ev. avvik frå løyvet	11.8
Årleg, i løpet av sommarhalvåret	Strandsonegransking	11.4
Frekvens etter Norsk Standard NS9410:2016.	Gransking av organisk belastning og prioriterte stoff	11.2
Innan to månader før gjennomføring	Plan for overvaking av sårbart naturmangfald	11.6

## 1.2 Varsel om gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar sakshandsamingsgebyr for arbeidet med løyve. Reglane om gebyrinnkrevjing er gjevne i forureiningsforskrifta kapittel 39. Ressursbruken knytt til saksbehandlinga blir lagt til grunn ved val av gebyrsats.

På grunnlag av arbeidsmengda som søknaden ved oppdrettslokalitet Kyravika medfører for Statsforvaltaren, varslar vi at gebyret vil bli fastsett til gebyrsats 5, jf. forureiningsforskrifta § 39-4 om arbeid med fastsetjing av nye og endring av løyve. Det vil seie at gebyret vil bli på 91 400 kroner.

Dersom vi ikkje mottek merknader til varselet om gebyr innan tre veker, blir det gjort vedtak i samsvar med det som er varsla over.

## 2 Kort om bakgrunnen for saka

Lokaliteten Kyravika ligg i innseglinga til Dalsfjorden i Fjaler kommune og har vore i drift i lang tid. Sidan 2006 har lokaliteten hatt løyve til produksjon av 3 120 tonn maksimal tillaten biomasse (MTB) av laks og aure. I 2020 fekk verksemda utsleppsløyve for mellombels utviding av MTB frå 3120 til 4680 tonn. Utvidinga gjaldt for to produksjonssyklusar. Verksemda søker no om å få gjere denne utvidinga permanent. Det er ikkje søkt om å endre anleggsutforminga.

### 2.1 Korrespondanse

Søknaden er datert 16.09.2024, og vart oversendt frå Vestland fylkeskommune til kommunen og sektormyndigheitene den 23.01.2025.





## 3 Statsforvaltaren si vurdering

### 3.1 Grunngeving for handsaming av søknaden etter forureiningslova

Statsforvaltaren har vurdert søknaden med tilhøyrande dokumentasjon. Vår vurdering er at det er risiko for at korallførekomstane som er registrerte i området kan verte negativt påverka av forureining frå anlegget. På bakgrunn av dette har vi kome fram til at anlegget ved Kyravika ikkje kan forskriftsregulerast, men må handsamast etter forureiningslova jf. forureiningsforskrifta § 34-2 andre ledd bokstav b.

### 3.2 Grunngeving for vedtaket om å gi løyve

#### 3.2.1 Fordelar og ulemper

Havbruksnæringa produserer sjømat, og skaper arbeidsplassar og verdiar for Noreg. Produksjonen har utslepp av fôrrestar, ekskrement frå fisken, ulike kjemikal frå notimpregnering og reingjering/desinfisering, legemiddel og framandstoff som følgjer med fôret. Alle desse kan ha påverknad på det marine miljøet og naturmangfaldet. Utslepp av støy og lys kan vere til sjenanse for naboar og naturmangfald.

#### 3.2.2 Prinsippa i naturmangfaldlova og krava i vassforskrifta

Kunnskapsgrunnlaget vi har nytta for å vurdere søknaden er summert opp i punkt 4 om faktagrunnlag. Vi vurderer at saka er tilstrekkeleg opplyst, jf. § 8 i naturmangfaldlova.

Vi vurderer at permanent løyve til matfiskproduksjon med MTB på 4680 tonn vil gi låg risiko for at miljøet kan bli utsett for uakseptabel negativ påverknad.

Vi har avgrensa kunnskap om korleis korallar vert påverka av utsleppa frå akvakulturanlegg. Ved Kyravika er det marine naturmangfaldet kartlagt, og følgt opp med overvaking i to rundar. Statsforvaltaren vurderer tiltaket som å vere tilstrekkeleg dokumentert til at føre-var-prinsippet (naturmangfaldlova § 9) ikkje blir gjeldande.

Gjølangen er frå før lite påverka av andre kjende utsleppskjelder. Den samla belastninga på resipienten vil i praksis ikkje auke ved at anlegget får permanent løyve til ein produksjon på 4680 tonn MTB (naturmangfaldlova § 10). Det er ikkje noko som tyder på at vidareføring av ein produksjon av denne storleiken vil endre heile vassførekomsten sin miljøtilstand, eller at miljømåla etter vassforskrifta ikkje kan nåast.

Dersom det syner seg at det kan bli naudsynt å setje inn tiltak for å hindre eller avgrense skade på naturmangfaldet, skal kostnadene berast av tiltakshavar, jf. naturmangfaldlova § 11.

Verksemda pliktar å ta i bruk miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar (naturmangfaldlova § 12) som er tilgjengelege for næringa i dag.



### 3.2.3 Vurdering

Anlegget ved Kyravika har vore i drift i lang tid, dei siste to produksjonssyklusane med mellombels utvida løyve til den produksjonsmengda det no er søkt om å få permanent. Miljøgranskingane som er gjort på lokaliteten viser ein botnfauna som er noko påverka, men som samla sett viser god tilstand i overgangssona. Vår vurdering er at lokaliteten har kapasitet til å omsetje dei organiske utsleppa frå ein produksjon på 4680 tonn MTB.

Det er registrert sårbar natur i form av korallar ved lokaliteten, og det er gjort oppfølgande undersøkingar av desse i samband med den mellombelse utvidinga. Dei undersøkingane som er gjennomførte gir oss samanlikningsgrunnlag for eventuelle framtidige endringar i korallførekomstane. Vi vurderer at risikoen for skade på omkringliggende natur og miljø ikkje er uakseptabelt stor, men at det er behov for vidare overvaking for å følgje med på tilstanden og kunne fange opp eventuelle endringar i korallane sin tilstand.

I samband med inneverande søknad er det registrert ein førekomst av naturtypen sørleg sukkertareskog (sjå faktagrunnlag i punkt 4.3.2). På bakgrunn av anlegget si lange driftstid og god vassutskifting ved lokaliteten, vert det vurdert som lite sannsynleg at anlegget har vesentleg direkte effekt på førekomsten. Vi vurderer den årlege strandsonesjekken som tilstrekkeleg for å kunne fange opp eventuelle endringar i tilstanden til sukkertaren i området. Dersom det ved slike kontrollar vert observert tydelege endringar i dekningsgrad av tare, begroing eller botntilhøve, kan behovet for nærare undersøkingar vurderast på nytt.

Oksygenivåa i området har vore stabile og innanfor svært god tilstand, også ved produksjonssyklusen med auke i produksjonen. Vi vurderer det difor som tilstrekkeleg å følgje dette opp gjennom hydrografimålingane i dei ordinære C-undersøkingane, slik at eventuelle endringar i botnvatnet vert fanga opp og kan vurderast ved behov.

Auken det er søkt om er moderat, i tillegg til at søknaden gjeld vidareføring av ei produksjonsmengd verksemda alt har hatt mellombels utvida løyve til i to produksjonsperiodar. På bakgrunn av desse tilhøva vurderer vi at utsleppsløyve kan gjevast, med vilkår om overvaking av sårbar natur og utvida sjekk av strandsona.

### 3.2.4 Konklusjon

Statsforvaltaren har konkludert med at utslepp frå ein produksjon på 4680 tonn MTB ved Kyravika er akseptabelt sett i lys av forureiningslovas formål og retningslinjer i §§ 1 og 2. Etter ei samla vurdering av dei forureiningsmessige ulempene ved produksjonen, samanstilt med fordelar og ulemper endringa elles vil medføre, gjev vi løyve til ein produksjon på 4680 tonn MTB ved Kyravika på nærare fastsette vilkår.

## 3.3 Grunngeving for utvalde vilkår

Vi har konkludert med at verksemda ikkje kan forskriftsregulerast jf. forureiningsforskrifta § 34-2 andre ledd bokstav b. Når vi gjev løyve til verksemda etter forureiningslova, vil vilkåra vi stiller i



løyvet i stor grad svare til krava Statsforvaltaren er myndigheit for i akvakulturdriftsforskrifta. I løyvet vi gjev etter forureiningslova stiller vi i tillegg særskilte krav som ikkje er dekkja av forskrifta, men som er naudsynte for å vareta miljøomsyn ved lokaliteten Kyravika.

#### *Overvaking av sårbar natur (vilkår 11.6 i løyvet)*

Korallar er fastsittjande organismar som er sensitive for auka sedimentering av organisk materiale. Det er registrert fleire raudlisteartar i nærområdet til anlegget (innanfor 1000 meter), og vi har stilt krav om overvaking av tilstanden til desse i tidlegare løyve. Tidlegare overvaking har vist at det er mogleg å finne att og overvake enkelte utvalde korallkoloniar. Rapportane har vist at nokre korallkoloniar har fått tilsynelatande reduksjon i helsetilstand, men viser også at ein del av korallkoloniane har uendra tilstand (sjå faktagrunnlag i punkt 4.3.2).

Når vi no tillèt ei biomasseauke, ser vi det som naudsynt å vidareføre vilkåret om overvaking av korallførekomstane ved kvar biomassetopp for så langt det er mogleg å kunne fange opp eventuelle endringar i korallsamfunnet.

#### *Strandsonegransking (vilkår 11.4 i løyvet)*

Kravet om strandsonegransking omfattar vanlegvis ei visuell synfaring av strandsona for å avdekke eventuell synleg forureining. Lokaliteten Kyravika ligg i eit delvis beskytta område med grunne viker, noko som kan medføre auka sårbarheit for påverknad frå næringstilførsel. Det er i tillegg avdekka eit område med naturtypen sukkertareskog ved lokaliteten, som kan vere sensitiv for endringar i næringstilførsel.

Vi utvidar difor kravet om strandsonegransking til også å omfatte undersøking av eventuelle effektar av næringstilførsel frå akvakulturanlegget i strandsona, i tråd med planen verksemda har sendt inn til Statsforvaltaren. Verksemda skal også gjere ei visuell vurdering av makroalgane ved lokaliteten i samband med strandsoneundersøkingane. Resultata frå undersøkingane skal nyttast til å vurdere eventuell påverknad frå anlegget og behov for vidare oppfølging.

#### *Støy og lys (vilkår 7.1 og 7.2 i løyvet)*

Utslepp av støy er regulert gjennom grenser sett i utsleppsløyve vilkår 7.1. Verksemda må også innrette lys slik at det blir til minst mogleg plage for naboar og andre, jf. vilkår 7.2. Vi har nytta standard grenseverdiane for støy som vilkår i løyvet.

Det har vore gjennomført støykartlegging ved lokaliteten, som viser at anlegget kan drivast innanfor grenseverdiane sett i løyvet. Dette vil likevel ikkje seie at anlegget ikkje vil kunne høyrast.

Utslepp av støy og sjenerande lys frå oppdrettsanlegg er ei vanleg årsak til at naboar klagar til Statsforvaltaren. Ut frå forureiningslova § 2 punkt 3 skal verksemda nytte beste tilgjengelege teknologi for å redusere alle sine utslepp.



### *Risikovurdering av utslepp av kjemikal (vilkår 6 og 12.1 i løyvet)*

Alle utslepp av kjemikal og miljøgifter skal risikovurderast jf. vilkår 6 om kjemikal og vilkår 12.1 om miljørisikoanalyse. Vi manglar kunnskap om korleis ein del av kjemikala knytt til avlusing og nôtimpregnering verkar på miljøet over tid. Difor må risikovurderinga avdekke om kjemikala kan ha skadelege effektar på helse og miljø.

## **4 Faktagrunnlag**

### **4.1 Generelt om utslepp frå akvakultur**

Akvakulturanlegg kan generelt sett påverke miljøet ved utslepp til vatn, støy, lys, lukt og ved at det blir generert farleg avfall. Lagring av kjemikal og avfall/farleg avfall kan medføre fare for akutte utslepp. Utsleppa til vatn er rekna som største potensielle ureiningsfare.

#### *Organiske utslepp*

Produksjonen vil ha utslepp av spillfôr og fekaliar og andre avfallsstoff frå fisken sin metabolisme. Dette gir utslepp av oppløyste næringssalt og organiske partiklar. Næringssalta har gjødslande effekt på marine algar, medan partiklane sedimenterer og vert brotne ned av botnfauna. Utsleppa kan endre artsdiversiteten og mengda individ hjå den marine floraen og faunaen både i strandsona, i vassøyla og på botnen. I takt med auka sjøtemperaturar og lågare oksygeninnhald forårsaka av klimaendringar vil sjøområda langs kysten, og særleg i indre fjordstrøk, få svekka evne til å bryte ned og omsetje organiske utslepp frå menneskeskapt kjelder.

Det vil og vere utslepp frå ulike arbeidsoperasjonar som notspyling, avlusing, reingjering m.fl. Notspyling og reingjering vil gje utslepp av organisk materiale som ikkje søkk, men blir transportert i overflata. Ofte er dette synleg som skum i overflata.

#### *Kjemikal og miljøgifter*

Produksjonen vil ha utslepp av legemiddel, vaske- og desinfeksjonsmiddel og nôtimpregneringsmiddel. Framandstoff i fôret som vert brukt, sjølv om nivåa er låge, kan også gi eit visst utslepp av enkelte prioriterte miljøgifter.

Forbruket av legemiddel til avlusing har endra seg over tid, både når det gjeld typar og mengder. Enkelte av desse kjemikala kan ha direkte negativ effekt på krepsdyr og andre marine organismar rundt akvakulturanlegg, og nokre av kjemikala er vanskelege å bryte ned, slik at dei kan finnast att i miljøet i lang tid etter bruk, og/eller kan ha særskilde effekt også på naturmangfaldet rundt anlegget. Kjemikala kan ha miljøverknad både i strandsona, i vassøyla og på botnen.

Bruken av nôtimpregneringsmiddel er også i endring. Tradisjonelt har kopar vore mykje brukt på nota for å hindre tilgroing. Dette grunnstoffet hopar seg opp i sedimenta og kan ha fleire negative verknader på marint liv, særleg på organismar som lever i eller nær botnen. Koparen blir verande i



lang tid, også etter at anlegget er lagt ned. Koparnivåa kan bli svært høge i anleggsområdet, og i nokre tilfelle har vi også sett at koparnivåa over tid kan komme i konflikt med miljømåla i vassforskrifta for større område. Dei siste åra har vi sett eit skifte i næringa der fleire går over til nye stoff som tralopyril og sinkpyrition. I ein nyleg publisert rapport frå NIVA er tralopyril påvist i miljøskadelege konsentrasjonar i område rundt oppdrettsanlegg på Vestlandet<sup>2</sup>.

#### *Plast og marin forsøpling*

Store delar av eit oppdrettsanlegg er vanlegvis laga av plast, og slitasje vil medføre utslepp av plast til det marine miljøet. Mikroplast vil kunne finne vegen inn i næringskjeda. Større plastavfall vil kunne forsøple strandsona eller på botnen, eller forvekslast med mat av sjøfugl, fisk og marine dyr.

#### *Avfall og biprodukt*

Død fisk og anna organisk avfall er ein ressurs som kan utnyttast. Død fisk blir konservert ved ensilering og vanlegvis nytta i andre sin produksjon av protein eller biogass. Rett handtering og lagring av ensilasje skal ikkje gi utslepp til miljøet. Død fisk som ikkje blir tatt opp av merda vil gå i oppløysing og bidra til påverknad på botnen under anlegget og i resipienten elles.

Akvakulturproduksjon genererer vanlegvis små mengder farleg avfall, med låg risiko for utslepp. Rett handtering og lagring av avfall skal ikkje gi utslepp til miljøet.

#### *Støy*

Støyande aktivitetar ved eit akvakulturanlegg er mellom anna fôring, bruk av aggregat, internttransport på anlegget, notspyling, fôrleveransar og brønnbåtaktivitet. Miljødirektoratet har gjort ei kartlegging av støy frå akvakulturanlegg<sup>3</sup>. Kartlegginga viser at dagleg drift vanlegvis ikkje bryt med standard industristøygrensar når det er ei viss avstand frå anlegget. Spreiinga av støy vil variere med topografiske tilhøve. Statsforvaltaren si erfaring er at einskilte aktivitetar (arbeidsoperasjonar) på kveld og natt oftare kan kome i konflikt med støygrensene i løyvet.

## **4.2 Tilhøvet til plan**

Anlegget ligg innanfor areal sett av til akvakultur i Fjaler kommune sin arealplan. Det er ikkje søkt om endring av anleggsplassering.

## **4.3 Resipient og lokalitet**

I tillegg til miljødokumentasjon vedlagt i søknaden nyttar Statsforvaltaren også andre kunnskapskjelder for å opplyse saka. Dette kan vere data som ligg i offentlege databasar, kunnskap frå miljøavdelinga sine andre ressursar, data og rapportar frå tidlegare sakshandsaming og oppfølging av andre nærliggjande akvakulturanlegg eller andre verksemder.

---

<sup>2</sup> [Miljøskadelige stoffer fra oppdrett og notvaskerier - miljodirektoratet.no](https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m1482/m1482.pdf)

<sup>3</sup> <https://www.miljodirektoratet.no/globalassets/publikasjoner/m1482/m1482.pdf>



### 4.3.1 Sjøområdet som resipient

#### *Naturjevne tilhøve*

Lokaliteten Kyravika ligg aust for Kysneset, på sørsida av Dalsfjorden i Fjaler kommune. Den søre delen av anlegget ligg over slak botn, medan i nord går det bratt nedover mot eit djupområde. Djupna under anlegget varierer frå om lag 50 meter på sørsida inn mot land, til opp mot 400 meter i nordaustre hjørne. Botnsubstratet på lokaliteten er oppgitt å hovudsakleg bestå av stein og fjell i dei bratte skråningane, som flatar ut til evjebotn i djupområdet nedanfor skråningane.

#### *Klassifisering i Vann-Nett*

Gjølangen (vassførekomst-ID 0280031100-C i Vann-Nett) er eit område klassifisert som ferskvasspåverka beskytta fjord. Registrerte påverknader i denne vassførekomsten er i hovudsak diffus avrenning og utslepp frå spreidd busetnad og fiskeoppdrett. Vassførekomsten står oppført med god økologisk og kjemisk tilstand i dag.

#### *Straumtilhøve*

Rapport frå straummåling vedlagt søknaden viser eit straummønster med overflatestraum og spreingsstraum som einsretta vekslar mellom nordvestleg og søraustleg retning. Botnstraumen har også ei tydeleg nordvest-søraust-retning, men med noko meir variasjon, og største vasstransport mot søraust. Gjennomsnittleg straumhastigheit på 120 meters djupne (definert som botnstraum) er målt til 4,7 cm/s.

#### *Oksygentilhøve*

Oksygeninnhaldet i vatnet er målt ved stasjon KYR-4. Resultata viser ein del variasjon i oksygeninnhald nedover i vassøyla frå overflata og ned til om lag 150 meter. Herifrå er nivået stabilt nesten ned til botnen. Like ved botnen er det ein brå nedgang i oksygeninnhald, men botnvatnet vert likevel klassifisert til svært god tilstand (tilstandsklasse I), med eit innhald på 7,13 mg/l. Ved undersøkingane i 2019 og 2021 låg også oksygenverdiane ved botn innanfor tilstandsklasse I, med høvesvis 6,7 og 6,92 mg/l.

#### *Botnfauna*

Resultata frå botnfaunaundersøkingane viser samla sett god tilstand både i overgangssona og i ytterkant av overgangssona (stasjon KYR-2). Det vart registrert eit høgt tal forureiningstolerante artar ved alle stasjonar. Ved KYR-3 vart botnfaunaen klassifisert til moderat tilstand, mellom anna grunna høg dominans av ein enkeltart.



Samanlikna med tidlegare undersøkingar ser ein at dominansen av enkeltartar har auka og talet på artar er redusert i overgangssona. I yttersona, ved C2-stasjonen har tilhøva halde seg stabile sidan førre undersøking.

#### *Kjemisk tilstand i sedimentet*

Sedimenta rundt lokaliteten inneheld låge nivå av sink. Koparnivåa vart klassifisert til dårleg tilstand (tilstandsklasse IV) på stasjon KYR-3, men med noko lågare konsentrasjon enn ved førre C-undersøking. Øvrige stasjonar hadde koparnivå tilsvarande tilstandsklasse II, god tilstand.

Innhaldet av organisk karbon har auka noko ved alle stasjonar i overgangssona sidan førre undersøking. Nivåa svarer til tilstandsklasse III og IV.

#### *Strandsone*

Det har vore gjennomført strandsoneundersøking med kartlegging av makroalgar, vassprøvetaking i overflatelaget for analyse av næringssaltinnhald og visuell kartlegging av eventuell forsøpling frå anlegget i 2021, -22, og -23, i tråd med vilkår sett i utsleppsløyvet.

Resultata viser ein lokalitet med moderat artsdiversitet, som har halde seg uendra gjennom overvaksingsperioden. Vassprøvene viser ein svak tendens til auke i næringssaltinnhald, men slike enkeltprøvar gir berre eit augneblinksbilete, og kan ikkje seie noko om tilstanden i vassførekomsten som heilheit over tid.

### **4.3.2 Truga artar og naturtypar**

#### *Marine naturtypar*

Det har vore gjennomført kartlegging av makroalgar, på bakgrunn av at det var registrert ein tareskogførekomst ved Kysneset som berre var modellert, og ikkje validert i felt. Kartlegginga avdekka naturtypen sukkertareskog ved dei tre undersøkte transekta. Denne naturtypen har status sterkt trua (EN) på norsk raudliste for naturtypar, hovudsakleg grunna to risikofaktorar; klimaendringar og auka næringstilførsel langs kysten. Sukkertareskogen ved Kyravika er moderat av storleik, og har eksistert i nærområdet til lokaliteten i lang tid. Det vart registrert høg tettleik av sukkertare frå 15 meters djup og heilt inn til land. Frå sju meters djup og opp til overflata vart det registrert mykje påvekst av trådalgar, såkalla lurv.

#### *Korallførekomst*

Det marine naturmangfaldet ved Kyravika vart fyrste gong kartlagt i 2020. Det er etter dette gjennomført overvaking med undervassfarkost (ROV) i 2022 og 2023 for å undersøke om ein kan påvise negativ påverknad på korallane frå akvakulturanlegget.

Ved kartlegginga i 2020 vart transekta vist i figur 1 kartlagt. Hovudvekta av funna vart lokalisert nordvest for anlegget, og noko i nordaust.





Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal sendast til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren sender kopi av dette brevet med vedlegg til aktuelle partar i saka.

## 6 Tilleggsinformasjon

Vi minner også om at den framande arten havnespy (*Didemnum vexillum*, japansk sjøpung) er funne i fleire hamneområde på Vestlandet. Alle tiltakshavarar har ansvar for å gjere nødvendige risikovurderingar og tiltak for å ikkje spreie denne arten til nye område i samband med sin aktivitet, jf. naturmangfaldlova § 28 og forskrift om framande organismar § 18. Vi har så langt ikkje kjennskap til påvist eller mistenkt førekomst av havnespy i nærleiken av Kyravika, men arten har etablert seg i hamneområda ved Florø. Vi har meir informasjon om havnespy på nettsida vår, som vert jamleg oppdatert.

Med helsing

Lars Martin Færseth  
seksjonsleiar

Kristine Hetlesæter  
rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg:

- 1 Løyvedokument - Mowi Seawater Norway ASA - Kyravika - lok 11803 - Fjaler

Kopi til:

Fjaler kommune

Postboks 54

6961

DALE I SUNNFJORD



## Løyve til verksemd etter forureiningslova

Løyvet er gitt med heimel i *lov om vern mot forurensningar og om avfall av 13. mars 1981 nr. 6* (forureiningslova) § 11, jf. § 16. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar som kom fram i søknad og under saksbehandlinga. Vilkåra går fram av side 4 til og med side 17.

Dette løyvedokumentet er ajourført 07.11.2025 og erstattar tidlegare løyvedokument.

Dersom den driftsansvarlege<sup>1</sup> ønskjer endringar i driftsforhold som kan ha noko å seie for forureininga frå verksemda og som ikkje er i samsvar med det som vart lagt til grunn då løyvet vart gitt eller sist endra, må den driftsansvarlege i god tid på førehand søkje om endring av løyvet. Den driftsansvarlege bør først kontakte Statsforvaltaren for å avklare om dei treng ei slik endring.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan 2 år etter at løyvet er tredd i kraft, skal verksemda sende ei utgreiing om omfanget til verksemda slik at Statsforvaltaren kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

### Data om verksemda

Akvakulturlokalitet <sup>2</sup>	<b>11803 Kyravika</b>	
Produksjonskapasitet	<b>4680 tonn MTB matfisk av laksefisk</b>	
Kommune og fylke	Fjaler i Vestland	
Verksemd	Mowi Seawater Norway AS	
Postadresse	Sandviksbodene 77A, 5035 Bergen	
Org. nummer	921 668 236 (føretaksnr.)	
Bransje og NACE-kode	Akvakultur, 03.211 - Produksjon av matfisk, bløtdyr, krepsdyr og pigghuder i hav- og kystbasert akvakultur	

### Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer	Arkivkode
2025.0851.T	4646.0016.04	2019/22816- 542.1
Kartreferanse (WGS 84)	Vassførekomst (Vann-nett-ID)	Vassområde
61° 19,033 N 05° 9,617' Ø	0280031100-C Gjølengen	Sunnfjord

Løyve gjeve fyrste gong: 07.11.2025	Siste revisjon etter § 18 i forureiningslova: -	Dato for siste endring: -
Lars Martin Færseth seksjonsleiar	Kristine Hetlesæter rådgjevar	

<sup>1</sup> Definisjonar i løyvedokumentet:

verksemd: den forureinande aktiviteten på ein bestemt lokalitet

driftsansvarleg: den fysiske eller juridiske personen som driv eller kontrollerer drifta av verksemda

<sup>2</sup> Jf. Akvakulturregisteret, <https://www.fiskeridir.no/Akvakultur/Registre-og-skjema/Akvakulturregisteret>

## Innholdsliste

1.	Rammevilkår .....	4
2.	Generelle vilkår .....	4
2.1	Utsleppsavgrensingar .....	4
2.2	Plikt til å halde grenseverdier .....	4
2.3	Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg .....	4
2.4	Utsifting av utstyr .....	4
2.5	Plikt til førebyggjande vedlikehald .....	4
3	Utslepp til vatn .....	5
3.1	Utsleppsavgrensingar .....	5
3.1.1	Organisk belastning .....	5
3.1.2	Utslepp av kjemikal, medrekna legemiddel .....	5
3.2	Diffuse utslepp .....	5
4	Utslepp til luft .....	6
4.1	Lukt .....	6
5	Grunnforureining og forureina sediment .....	6
6	Kjemikal .....	6
6.1	Vurdering av substitusjon og alternative metodar for kjemikal og legemiddel .....	6
6.2	Impregnerte nøter .....	7
6.3	Informasjon til fiskehelsepersonell som tar på seg oppdrag på lokaliteten .....	7
7.	Støy og lys .....	7
7.1	Støy .....	7
7.2	Lys .....	8
8.	Energi .....	8
8.1	Energileiing .....	8
8.2	Utnytting av overskotsenergi .....	8
8.3	Spesifikt energiforbruk .....	8
9.	Avfall .....	8
9.1	<b>Generelle krav</b> .....	8
9.1.1	<b>Avfallshierarkiet</b> .....	8
9.1.2	<b>Gjenvinning av avfall eksternt</b> .....	8
9.1.3	<b>Bruk av biprodukt eksternt</b> .....	9
9.1.4	<b>Handtering av avfall</b> .....	9
9.2	Organisk produksjonsavfall og biprodukt .....	9
9.3	Plast .....	9
10.	Utsleppskontroll og journalføring .....	9
10.1	Utsleppskontroll og journalføring .....	9
10.2	Rapportering til Statsforvaltaren av utsleppsrelevant data .....	10
11	Overvaking av resipient og rapportering til Statsforvaltaren .....	10
11.1	Krav til gransking av organisk belastning .....	11
11.1.1	Tilleggsgranskingar ved redusert miljøtilstand .....	11
11.1.2	Tiltak ved uakseptabel botnpåverknad .....	11
11.2	Gransking av prioriterte stoff, prioriterte farlege stoff og vassregionspesifikke stoff .....	11
11.2.1	Gransking av stoff i samband med C-granskingar .....	11
11.2.2	Tilleggsgranskingar ved overskriding av grenseverdier .....	12
11.2.3	Tiltak ved uakseptabel miljøtilstand .....	12
11.3	Hydrografimålingar .....	12
11.4	Strandsonegransking .....	12
11.5	Makroalgegransking .....	13

11.6	Overvaking av sårbar natur .....	13
11.7	Støykartlegging.....	13
11.8	Rapportering til Statsforvaltaren og registrering i Vannmiljø, Artskart og Naturbase .....	13
11.8.1	Rapportering av miljøgranskingar, planar og tiltak .....	13
11.8.2	Registrering i Vannmiljø, Artskart og Naturbase .....	14
12	Miljørisikoanalyse og beredskap mot akutt forureining .....	14
12.1	Miljørisikoanalyse .....	14
12.2	Risikoreduserande tiltak .....	14
12.3	Beredskap mot akutt forureining .....	14
13	Eigarskifte.....	15
14	Nedlegging og driftsstans .....	15

### Endringslogg

Endring nr.	Dato	Punkt	Endringar

### Føresetnader

Produksjonsramma i dette løyvet kan først takast i bruk frå det tidspunktet Vestland fylkeskommune har gjeve løyve etter akvakulturlova. Dersom fylkeskommunen sitt vedtak gjev løyve til ei lågare produksjonsramme enn det som løyvet etter forureiningslova tillèt, er det produksjonsramma i fylkeskommunen sitt vedtak som er gjeldande avgrensing.

Dersom løyve etter akvakulturlova på eit seinare tidspunkt fell bort, vil heller ikkje løyvet etter forureiningslova gjelde lenger.

Løyvet gjeld berre saman med dei vilkåra som er gitt i dette dokumentet. Verksemda må rette seg etter alle vilkåra i løyvet, desse er særskilde juridiske krav til verksemda. Utfyllande kommentarar til enkelte av vilkåra står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng med kvarandre.

## 1. Rammevilkår

Løyvet gjeld forureining frå akvakulturproduksjon av matfisk i sjø ved lokaliteten 11803 Kyrvavika. Løyvet gjeld også for aktivitet på eventuell landbase knytt til denne produksjonen.

Løyvet gjeld for ein maksimal tillaten biomasse (MTB) på inntil 4680 tonn på lokaliteten. Løyvet byggjer på søknad som har oppgitt planlagt produksjon per produksjonsyklus (20 mnd.) på 6000 tonn fisk, med eit forventa fôrforbruk på 6500 tonn.

Ved eventuell samlokalisering av fleire løyve/aktørar på lokaliteten er den totale lokalitetsbiomassen avgrensa til 4680 tonn MTB, uavhengig av innbyrdes fordeling av produksjonen på fleire ansvarlege.

## 2. Generelle vilkår

### 2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjent på annan måte då vedtaket vart gjort.

### 2.2 Plikt til å halde grenseverdier

Alle grenseverdier skal haldast innanfor dei fastsette midlingstidene. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette midlingstidene skal ikkje avvike frå det som er vanleg for verksemda i ein slik grad at det kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

### 2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om alle vilkåra i løyvet er oppfylt, pliktar den driftsansvarlege å redusere all forureining, medrekna støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader.

### 2.4 Utsifting av utstyr

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstillе krava om bruk av beste tilgjengelege teknikkar med sikte på å motverke forureining og annan negativ verknad på miljøet.

### 2.5 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal den driftsansvarlege syte for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

## 3 Utslepp til vatn

### 3.1 Utsleppsavgrensingar

#### 3.1.1 Organisk belastning

Fôrspill skal reduserast mest mogleg.

Utslepp av fôr og fekaliar frå anlegget skal ikkje føre til at organisk materiale vert akkumulert i sedimentet i overgangssona over tid.

Dersom overvaking etter NS 9410:2016 (jf. løyvet punkt 12.1), viser at tilstanden for blautbotnfaunaen i ytterkanten av overgangssona (prøvestasjon C<sub>2</sub>) er dårlegare enn "god" eller tilstanden inne i overgangssona (gjennomsnitt for prøvestasjon C<sub>3</sub>-C<sub>n</sub>) er dårlegare enn "moderat", og utslepp frå anlegget medverkar til dette, skal den driftsansvarlege syte for å gjennomføre tiltak for å betre tilstanden. Ein tiltaksplan skal sendast til Statsforvaltaren.

Strandsona og grunne område<sup>3</sup> i nærleiken til anlegget skal ikkje vere synleg påverka av forureining frå verksemda.

#### 3.1.2 Utslepp av kjemikal, medrekna legemiddel

Utslepp av kopar og prioriterte miljøgifter som til dømes kadmium, kvikksølv, PCB og PBDE i fôrspill og fekaliar er tillate, men det skal reduserast mest mogleg i tråd med vilkår i punkt 3.1.1 og punkt 6. Slike utslepp er likevel berre tillatne dersom fôret kjem frå fôrleverandørar som er registrerte og/eller godkjende etter Mattilsynet sitt regelverk. Statsforvaltaren kan på bakgrunn av ny kunnskap fastsette ei meir presis og eventuell også strengare regulering.

Utslepp av legemiddel er tillate dersom legemiddelet er rekvirert av autorisert veterinær eller fiskehelsebiolog, og nytta slik som føreskrive.

Utslepp i samband med klinisk utprøving av nye legemiddel utan marknadsføringsløyve er ikkje omfatta av dette løyvet.

Utslepp frå akvakulturanlegg skal ikkje føre til at stoff som er nemnt i vassforskrifta<sup>4</sup> sine lister over prioriterte, andre EU-utvalde eller vassregionspesifikke stoff<sup>5</sup> over tid blir akkumulert i sedimenta slik at mengda overstig miljøkvalitetsstandardar fastsette for sediment, jf. punkt 11.2.

### 3.2 Diffuse utslepp

Akvakulturanlegget skal ikkje ha diffuse utslepp til vatn.

Diffuse utslepp frå ein eventuell landbase, for eksempel avrenning frå lagerområde og område for lossing/lasting, som kan medføre skade eller ulempe for miljøet, skal avgrensast mest mogleg. Avrenning av overflatevatn frå verksemda sine uteareal skal handterast slik at det ikkje kan føre til skade eller ulempe for miljøet.

Oljehaldig avløpsvatn frå verkstader eller liknande skal reinsast tilfredsstillande i oljeutskiljar eller tilsvarande reinseeining.

---

<sup>3</sup> Grunne område: mindre enn 30 meter djup og som tidvis blir tørrlagt og dermed er synlege.

<sup>4</sup> [Forskrift om rammer for vannforvaltningen av 15.12.2006, nr. 1446](#)

<sup>5</sup> [Veileder M-608 2016 Grensverdier for klassifisering av vann, sediment og biota](#)

## 4 Utslepp til luft

### 4.1 Lukt

Akvakulturanlegget, inkludert eventuell landbase, skal drivast slik at luktulemper til omgjevnadene blir avgrensa mest mogleg. Bruk av tenesteleverandørar skal planleggast med sikte på å avgrense luktulemper.

Fôrlagring, daudfiskhandtering, spyling, reingjering og tørking av nøter, tauverk og anna utstyr, handtering av avfall og andre aktivitetar ved anlegget og eventuell landbase skal ikkje fører til urimelege luktulemper for naboar eller nærmiljøet elles.

## 5 Grunnforureining og forureina sediment

Aktivitetar på ein eventuell landbase skal vere innretta slik at det ikkje skjer utslepp til grunnen som kan føre til skade eller ulempe for miljøet.

Den driftsansvarlege pliktar å setje i verk førebyggjande tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn og tiltak som er eigna for å avgrense verknaden på miljøet av eit eventuelt utslepp. Utstyr og tiltak som skal hindre utslepp til grunn og grunnvatn, eller hindre at eventuelle utslepp fører til skade eller ulempe for miljøet, skal overvakast og haldast ved like regelmessig. Denne plikta gjeld tiltak som står i eit rimeleg forhold til dei skadar og ulemper som skal hindrast.

Den driftsansvarlege pliktar til å til ei kvar tid å halde oversikt over både eventuell eksisterande forureina grunn på verksemda sitt område og eventuell forureina sediment utanfor. Det same gjeld faren for spreining, og om det er trong for undersøkingar og tiltak. Dersom det er nødvendig å setje i verk undersøkingar eller andre tiltak, skal forureiningsstyringsmakta varslast om dette.

## 6 Kjemikal

Vilkåra i dette punktet gjeld bruk av kjemiske stoff og stoffblandingar som til dømes desinfeksjonsmiddel, legemiddel, ensileringskjemikal, groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og brannsløkkingsmiddel.

### 6.1 Vurdering av substitusjon og alternative metodar for kjemikal og legemiddel

For kjemikal som vert brukte på ein slik måte at det kan føre til fare for forureining, skal den driftsansvarlege dokumentere at det er gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon.

Den driftsansvarlege pliktar å etablere eit system for substitusjon av kjemikal der vurdering og konklusjon blir dokumentert. Den driftsansvarlege skal kontinuerleg vurdere faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som vert brukte, og av om alternative kjemikal eller metodar finst. Skadelege effektar knytte til både bruk og endeleg disponering av produktet skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar den driftsansvarlege å bruke desse så langt dette ikkje gir urimeleg kostnad eller ulempe<sup>6</sup>.

Den driftsansvarlege pliktar å vurdere alternative førebyggjande metodar mot sjukdom og parasittar, for å redusere bruken av legemiddel. Denne plikta gjeld ikkje når veterinær eller fiskehelsebiolog har føreskrive legemiddelbehandling.

---

<sup>6</sup> Jf. Produktkontrollloven av 11.06.1979 nr. 79 § 3a

## 6.2 Impregnerte nøter

Ved reingjering av nøter som er impregnert med miljøfarlege kjemikal, skal det gjerast tiltak for å minimere utsleppa. Miljøfarlege kjemikal er her definert som stoff eller stoffblandingar som kan gi akutt skade og/eller har langtidsverknader i miljøet. Utslepp av slike impregneringsmiddel skal overvakast, jf. punkt 11.2.

## 6.3 Informasjon til fiskehelsepersonell som tar på seg oppdrag på lokaliteten

Dersom fisken skal behandlast med legemiddel på lokaliteten, skal den driftsansvarlege informere veterinær eller fiskehelsebiolog som føreskriv legemiddelet om forhold som har noko å seie for effektane av utslepp frå legemiddelbehandlinga. Dette inkluderer omtale av artar og naturtypar ved lokaliteten som kan verte negativt påverka av utslepp, og lokale forhold (inkl. djupne og straum) som har noko å seie for spreinga av utsleppet.

# 7. Støy og lys

Akvakulturanlegget skal utformast og verksemda skal driftast slik at støy- og lysulemper til omgjevnadene blir avgrensa mest mogleg. Bruk av tenesteleverandørar skal også planleggast med sikte på å avgrense støy- og lysulemper.

## 7.1 Støy

Akvakulturanlegget sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride følgjande grenser, berekna som innfallande lydtryknivå ved mest støyutsette fasade:

Dag (kl. 07-19)	Kveld (kl. 19-23)	Natt (kl. 23-07)
Kvardagar: 55 dB ( $L_{pAekv12h}$ ) Laurdagar, sundagar og heilagdagar: 50 dB ( $L_{pAekv12h}$ )	50 dB ( $L_{pAekv4h}$ )	Gjennomsnitt: 45 dB ( $L_{pAekv8h}$ ) Maksimum: 60 dB ( $L_{AFmax}$ )

$L_{pAekvT}$ : gjennomsnittleg (energimidla) nivå for varierende støy over ein gitt tidsperiode, T. For nattperioden skal støyen midlast over faktisk driftstid, inntil 8 timar.

$L_{AFmax}$ : gjennomsnittleg A-vegd maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Verksemda skal halde alle støygrenser innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå den ordinære drifta til verksemda, inkludert intern transport ved anlegget og eventuell landbase og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå mellombels bygge- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette til og frå arbeidsplassen, er likevel ikkje omfatta av grensene.

Støygrensene gjeld ikkje for bygningar nemnd ovanfor som vert etablert etter at støygrensene tredde i kraft.

Aktivitetar som er ekstra støyande og som vil gå føre seg over fleire dagar eller utanfor ordinær arbeidstid kl. 07-19, skal førehandsvarslast til naboar.

## 7.2 Lys

Lyskjelder som blir nytta til vekstregulering skal ikkje vere direkte synlege ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar og barnehagar.

Ved aktivitet ved anlegget på kveld og natt, må bruk av lys planleggjast slik at det vert minst mogleg til ulempe for naboar eller andre.

## 8. Energi

### 8.1 Energileiing

Den driftsansvarlege skal ha eit system for energileiing med kontinuerleg, systematisk og målretta vurdering av tiltak som kan setjast i verk for å oppnå ein mest mogeleg energieffektiv produksjon og drift. Systemet for energileiing skal inngå i internkontrollen til verksemda, og følgje prinsippa og metodane gitt i norsk standard for energileiing.

### 8.2 Utnytting av overskotsenergi

Den driftsansvarlege skal i størst mogleg grad sørge for at overskotsenergi vert nytta internt, med mindre dette ikkje er teknisk mogleg eller gir urimelege kostnader.

### 8.3 Spesifikt energiforbruk

Spesifikt energiforbruk skal bereknast og journalførast, jf. vilkår 10.

## 9. Avfall

### 9.1 Generelle krav

#### 9.1.1 Avfallshierarkiet

Den driftsansvarlege skal nytte følgjande prioriteringsrekkefølge i verksemda sin avfallsstrategi:

- a) førebygging
- b) ombruk
- c) materialgjenvinning
- d) anna gjenvinning, inkludert energiutnytting
- e) sluttbehandling

Den driftsansvarlege kan avvike frå prioritetsrekkefølga dersom ei avveging mellom miljøomsyn, ressursomsyn, omsyn til menneske si helse, og tekniske og økonomiske forhold tilseier det.

Den driftsansvarlege skal dokumentere kva for vurderingar og tiltak som er gjennomført for å følgje prioritetsrekkefølga. Dokumentasjonen skal takast vare på i minst fem år og vere tilgjengeleg ved kontroll eller på førespurnad frå Statsforvaltaren.

#### 9.1.2 Gjenvinning av avfall eksternt

Dersom avfall vert levert til annan aktør for gjenvinning, skal den driftsansvarlege:

- a) dokumentere kven som tek imot avfallet
- b) dokumentere opplysningar frå mottakaren om korleis avfallet skal gjenvinnast
- c) opplyse mottakaren om innhaldet i avfallet

Dokumentasjonen skal takast vare på i minst fem år og vere tilgjengeleg ved kontroll eller på førespurnad frå Statsforvaltaren.

### 9.1.3 Bruk av biprodukt eksternt

Dersom biprodukt<sup>7</sup> skal nyttast utanfor verksemda, skal den driftsansvarlege:

- a) dokumentere kven som tek imot biproduktet
- b) opplyse mottakaren om innhaldet i biproduktet

Opplysningane skal takast vare på i minst fem år og vere tilgjengeleg ved kontroll eller på førespurnad frå Statsforvaltaren.

### 9.1.4 Handtering av avfall

All handtering av avfall skal vere basert på ei risikovurdering, jf. punkt 12.

Ved lagring av avfall skal:

- a) den driftsansvarlege ha kart der det går fram kor ulike typar avfall er lagra
- b) avfallslager vere sikra slik at uvedkomande ikkje får adgang, og lagra avfall skal vere merkt slik at det går fram kva som er lagra
- c) avfall som ved samlagring eller samanblanding kan gi fare for brann, eksplosjon eller at det vert danna farlege stoff, lagrast med nødvendig avstand

Farleg avfall skal vere lagra innandørs og på fast, ugjennomtrengjeleg og tilstrekkeleg slitesterkt dekke for dei aktuelle materialar/avfallstypar, med oppsamling av eventuell avrenning. Annan lagringsmåte kan nyttast dersom den driftsansvarlege kan dokumentere at lagringsmåten gir minst like lav risiko for miljøet.

Farleg avfall kan ikkje fortynnast for å oppnå at det skal reknast som ordinært avfall.

## 9.2 Organisk produksjonsavfall og biprodukt

Slam, dødfisk, fôrrestar, m.v. skal så langt mogeleg utnyttast som ein ressurs.

## 9.3 Plast

Verksemda skal ha tiltaksplanar for å redusere utslepp av mikro- og makroplast. Dette gjeld alt plastbasert produksjonsutstyr, frå fôrslangar til nøter og tauverk og anna.

# 10. Utsleppskontroll og journalføring

## 10.1 Utsleppskontroll og journalføring

---

<sup>7</sup> Som definert i § 27 i LOV-1981-03-13-6 [Lov om vern mot forurensningar og om avfall \(forurensningsloven\) - Kap. 5. Om avfall. - Lovdata](#)

Den driftsansvarlege pliktar å systematisk kartleggje verksemda sine utslepp til vatn.

Den driftsansvarlege skal sørge for å ha eit program for utsleppskontroll som inngår i verksemda si dokumenterte internkontroll. Programmet skal innehalde ei utgreiing av verksemda sine faktiske utslepp til vatn, med oversyn over alle utsleppstraumar, volum (så langt som råd er) og innhald. Programmet skal og innehalde ei utgreiing av korleis verksemda sine utslepp vert rekna ut.

Programmet for utsleppskontroll skal til ein kvar tid vere oppdatert.

Følgjande punkt skal journalførast:

1. Årleg produksjon (årleg biomasseproduksjon)
2. Årleg fôrforbruk og fôrtype (handelsnamn, konsentrasjon av stoff nemnt i vassforskrifta<sup>8</sup> vedlegg VIII C og D nr. 2 og vassregionspesifikke stoff)
3. Årleg kjemikalieforbruk (kjemikalietype, produktnamn, mengd og forbruksperiode)
4. Årleg legemiddelforbruk (legemiddelttype, produktnamn, mengd, forbruksperiode og tilbakehaldingstid)
5. Impregnerte nøter (impregneringsmiddel, virkestoff, samt når og korleis nøtene er grovreingjort)
6. Ensilasje (årleg mengd, og kven ensilasjen er levert vidare til)
7. Naboklager og meldingar på lukt, lys og støy frå drifta, inkludert frå transport, lossing, lasting, og hendingar som kan vere årsak til slike ulemper. Det skal journalførast tidspunkt, mogleg årsak, og namn, adresse og kontakinformasjon til personar som har meldt frå.
8. Rapportar frå gjennomførte miljøgranskingar
9. Energiforbruk

Journalen skal oppbevarast i fem år.

## 10.2 Rapportering til Statsforvaltaren av utsleppsrelevant data

Den driftsansvarlege skal rapportere utsleppsrelevante data på den måten Statsforvaltaren bestemmer.

Som eit minimum skal den driftsansvarlege innan 1. mars kvart år rapportere følgjande data frå året før til Statsforvaltaren:

1. Årleg biomasseproduksjon inkl. daudfisk
2. Årleg fôrforbruk i kilo og fôrtype
3. Fôret sitt handelsnamn og eventuell konsentrasjon av stoff nemnt i vassforskrifta vedlegg VIII C og D nr. 2 og vassregionspesifikke stoff
4. Årleg forbruk av legemiddel: type, produktnamn, mengd og forbruksperiode
5. Impregnerte nøter: virkestoff (type og konsentrasjon) og mengd
6. Ensilasje: årleg mengd og kven det er levert til

Ved samdrift/samløkalisering skal det sendast inn ein felles rapport som viser totalen for lokaliteten.

## 11 Overvaking av resipient og rapportering til Statsforvaltaren

Den driftsansvarlege skal syte for overvaking av moglege miljøeffektar av sin aktivitet. Overvakinga skal minimum omfatte granskingane som er spesifiserte nedanfor. Den driftsansvarlege skal vurdere om desse miljøgranskingane dekker miljøpåverknaden eller om det trengst andre miljøgranskingar i tillegg. Utslepp frå legemiddelbehandlingar ved anlegget og innhald av framandstoff i fôret skal

---

<sup>8</sup> [Forskrift om rammer for vannforvaltningen av 15.12.2006, nr. 1446](#)

inngå i denne vurderinga. Den driftsansvarlege må sjølv sette i verk tilleggsgranskingar ved mistanke om at dei pålagde miljøgranskingane ikkje fangar opp den reelle påverknaden på miljøet.

Den driftsansvarlege pliktar å gjennomføre meir omfattande miljøgranskingar dersom Statsforvaltaren finn dette naudsynt for å kartlegge anlegget sin påverknad på resipienten jf. forureiningslova § 51. Verksemda kan også bli pålagt å delta i felles overvakingsprogram saman med andre verksemder som har utslepp til vassførekomsten eller resipienten.

## **11.1 Krav til gransking av organisk belastning**

Den driftsansvarlege skal syte for at trendbaserte C-granskingar i samsvar med Norsk Standard NS9410:2016 blir gjennomførte. Granskingane skal gjerast av eit uavhengig, akkreditert organ som er akkreditert for følgjande metodar: P3003 prøvetaking botnsediment, P12 kjemiske analysar, P21 taksonomi og P32 faglege vurderingar og fortolkingar.

Resultata frå C-granskinga skal seinast innan 6 månader frå feltdato vere dokumentert i ein rapport i samsvar med NS9410:2016. Rapporten skal mellom anna innehalde ei fagleg vurdering av miljøpåverknaden frå anlegget og eventuelle tilrådde utbetrande tiltak. Rapporten skal så snart den er ferdig, sendast inn til Statsforvaltaren, jf. punkt 11.8.

### **11.1.1 Tilleggsgranskingar ved redusert miljøtilstand**

Dersom ei C-gransking etter NS9410:2016 syner at den økologiske tilstanden i C2 er dårlegare enn god eller at den samla økologiske tilstanden i overgangssona (summen av C3, C4, osv.) er dårlegare enn moderat, skal verksemda gjennomføre tilleggsgranskingar i samsvar med ein eigen plan. Denne planen skal sendast inn til Statsforvaltaren for vurdering seinast to månader etter at rapporten frå C-granskinga er ferdig, jf. punkt 11.8.

### **11.1.2 Tiltak ved uakseptabel botnpåverknad**

Dersom rapportar frå tilleggsgranskingar jf. punkt 11.1.1 syner at utslepp frå verksemda bidreg til den reduserte miljøtilstanden i overgangssona, skal det lagast ein tiltaksplan og gjerast tiltak for å betre miljøtilstanden i samsvar med planen.

Tiltaksplanen skal sendast inn til Statsforvaltaren innan to månadar etter at resultata frå tilleggsgranskingane er klare. Statsforvaltaren kan be om at ytterlegare tiltak blir gjort.

## **11.2 Gransking av prioriterte stoff, prioriterte farlege stoff og vassregionspesifikke stoff**

### **11.2.1 Gransking av stoff i samband med C-granskingar**

I samband med C-granskingar omtalt i punkt 11.1 skal det samtidleg bli teke ein sedimentprøve på same måten ved merdkant nedstraums anlegget i hovudstraumretninga.

Sedimentprøven frå merdkant og ein sedimentprøve frå kvar av prøvestasjonane i C-granskinga skal analyserast for innhald av stoff som nemnt i vassforskrifta vedlegg VIII C og D nr. 2<sup>9</sup>, som har blitt sleppt ut på lokaliteten etter førre gransking.

Dersom det har blitt sleppt ut betydelege mengder av vassregionspesifikke stoff<sup>10</sup>, skal prøvane også analyserast for innhald av desse stoffa.

---

<sup>9</sup> [Forskrift om rammer for vannforvaltningen - Vedlegg VIII. Miljøkvalitetsstandarder for miljøgifter i vannforekomster - Lovdata](#)

Sedimentprøven frå merdkant skal i tillegg analyserast for følgjande støtteparameter: partikkelfordeling, totalt organisk materiale, totalt organisk karbon og totalt nitrogen.

Prøvetakinga skal utførast av eit kompetent organ som er uavhengig av oppdragsgjevar og analysane skal utførast av eit organ som er akkreditert for den spesifikke analysen.

Resultata frå granskinga skal sendast inn til Statsforvaltaren så snart dei er klare.

### **11.2.2 Tilleggsgranskingar ved overskriding av grenseverdier**

Dersom resultata frå tilleggsgranskingar jf. punkt 11.2.1 viser resultat for prøvestasjon C2 som er høgare enn grenseverdiane for tilstandsklasse II i rettleiar M-608-2016 «Grenseverdier for klassifisering av vann, sedimentar og biota»<sup>11</sup>, skal det utførast fleire granskingar. Det same gjeld om konsentrasjonen av dei nemnte stoffa i første ledd i blandepøva frå ein av dei andre stasjonane overstig grenseverdiane for tilstandsklasse III.

Det skal lagast ein plan for granskingane som skal gjerast i samsvar med rettleiar for risikovurdering av forureina sediment<sup>12</sup> og rettleiar for klassifisering av miljøtilstand i vatn. Granskingane skal gjerast for å vurdere omfanget av forureininga, om det er sannsynleg at den skuldast drifta av akvakulturanlegget og, om dette er tilfellet, kva miljørisiko forureininga representerer.

Prøvetaking skal utførast av eit kompetent organ som er uavhengig av oppdragsgjevar og analysane skal utførast av eit organ som er akkreditert for den spesifikke analysen.

Planen skal sendast inn til Statsforvaltaren for vurdering seinast to månadar etter at resultata frå granskingane er klare. Resultata frå tilleggsgranskingane skal sendast inn til Statsforvaltaren så snart dei er klare.

### **11.2.3 Tiltak ved uakseptabel miljøtilstand**

Det skal lagast ein tiltaksplan og gjerast tiltak i samsvar med planen for å betre miljøtilstanden dersom tilleggsgranskingane jf. punkt 12.2.2 syner at utslepp frå verksemda av stoff som nemnt i vassforskrifta vedlegg VIII C og D nr. 2 og vassregionspesifikke stoff, bidreg til at vassførekomsten ikkje vil nå miljømål fastsett i samsvar med vassforskrifta, eller at gravande botndyr ikkje kan eksistere i anleggssona, overgangssona eller resipienten.

Tiltaksplan skal sendast inn til Statsforvaltaren innan to månadar etter at resultata frå tilleggsgranskingar er klare. Statsforvaltaren kan pålegga verksemda å utføre ytterlegare tiltak.

## **11.3 Hydrografimålingar**

Det er ikkje sett krav til overvaking med hydrografimålingar i løyvet.

## **11.4 Strandsonegransking**

Den driftsansvarlege skal syte for at det årleg blir gjennomført ei synfaring av strandsone for å avdekke om ho er synleg påverka av avfall eller forureining frå anlegget eller tilhøyrande landbase. Eventuelt avfall skal fjernast.

---

<sup>10</sup> [Grenseverdier for klassifisering av prioriterte stoffer og vannregionspesifikke stoffer - Vannportalen](#)

<sup>11</sup> [Grenseverdier for klassifisering av vann, sediment og biota - miljodirektoratet.no](#)

<sup>12</sup> [Veileder M-409 2015 Risikovurdering av forurenset sediment](#)

Synleg forureining som til dømes feitt og oljefilm, og effektar av forureining som kan skuldast forureining frå verksemda som til dømes algevekst skal dokumenterast med tekst og bilete. Avfall inkludert marin forsøpling er regulert i punkt 9.1.

I tillegg til den enkle synfaringa skal det gjennomførast gransking av nærings salt og klorofyll i strandsona, i tråd med plan sendt inn til og godkjent av Statsforvaltaren. Det skal også gjennomførast ei enkel visuell vurdering av makroalgar ved lokaliteten. Eventuelle påverknader på miljøet skal dokumenterast.

Den driftsansvarlege skal lage ein tiltaksplan og gjere tiltak i samsvar med planen for å betre miljøtilstanden dersom undersøkingane syner at strandsona er synleg påverka av forureining frå akvakulturanlegget. Tiltaksplanen skal sendast inn til Statsforvaltaren. Statsforvaltaren kan be om at ytterlegare tiltak blir gjort.

### **11.5 Makroalgegransking**

Det er ikkje stilt krav til makroalgegransking i løyvet.

### **11.6 Overvaking av sårbar natur**

Verksemda skal overvake korallførekomstar rundt anlegget. Ein plan for overvakinga skal sendast Statsforvaltaren for vurdering seinast to månader før gjennomføring.

Det skal utførast overvaking ved biomassetopp i kvar produksjonssyklus. Overvakinga skal utførast av eit kompetent organ som er uavhengig av oppdragsgjevar, og rapportar skal sendast til Statsforvaltaren seinast to månadar etter kvar overvaking.

Dersom overvakinga syner teikn til at korallførekomstane tek skade som følgje av utslepp frå anlegget, har Statsforvaltaren heimel til å endre forureiningsløyvet og om naudsynt trekke det tilbake.

### **11.7 Støykartlegging**

Det er ikkje sett krav til støykartlegging i løyvet.

## **11.8 Rapportering til Statsforvaltaren og registrering i Vanmiljø, Artskart og Naturbase**

### **11.8.1 Rapportering av miljøgranskingar, planar og tiltak**

Resultatet av miljøgranskingar som blir gjennomførte etter punkt 11 skal sendast fortløpande til Statsforvaltaren.

Under er det gitt ei enkel oversikt over kva som skal sendast inn. Nærare informasjon om kva som skal sendast inn og kva frist som gjeld er spesifisert i delkapitla til punkt 11.

1. Rapport frå C-gransking, jf. punkt 11.1  
Eventuelt tilleggsgranskingar og tiltaksplan, jf. punkt 11.1.1 og 11.1.2
2. Rapport frå miljøgranskingar av stoff, jf. punkt 11.2.1  
Eventuelt tilleggsgranskingar og tiltaksplan, jf. punkt 11.2.2 og 11.2.3
3. Plan og rapportar frå strandsonegransking, jf. punkt 11.4  
Eventuell tiltaksplan for strandsonegransking, jf. punkt 11.4
4. Plan og rapportar frå overvaking av sårbar natur, jf. punkt 11.6

### **11.8.2 Registrering i Vannmiljø, Artskart og Naturbase**

Resultat frå granskingane som blir gjennomførte etter punkt 11, bortsett frå punkt 11.4 strandsonegransking, skal fortløpande registrerast i databasen Vannmiljø<sup>13</sup>. Data skal sendast på Vannmiljø sitt importformat. Importmal og oversikt over kva informasjon som skal registrerast i tråd med Vannmiljø sitt kodeverk finst på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>.

Funn av sårbart naturmangfald under punkt 11.5 og 11.6 skal registrerast i databasane Artskart og Naturbase.

## **12 Miljørisikoanalyse og beredskap mot akutt forureining**

### **12.1 Miljørisikoanalyse**

Den driftsansvarlege skal til ei kvar tid ha oversikt over forhold ved verksemda som kan medføre forureining, og kunne gjere greie for risikoforhold. Den driftsansvarlege skal gjennomføre ei miljørisikoanalyse av verksemda og vurdere resultatata opp mot akseptabel miljørisiko. Vurderinga skal ta omsyn til ekstremvêr, flaum og klimaendringar.

Den driftsansvarlege skal kartlegge potensielle hendingar som kan føre til akutt forureining av vatn, grunn og luft.

Risikoanalysen skal innehalde ei dokumentert skildring av resipienten, inkludert sårbare naturtypar og artar som kan bli påverka av forureining frå verksemda.

### **12.2 Risikoreduserande tiltak**

Med grunnlag i miljørisikovurderinga, jf. punkt 12.1, skal den driftsansvarlege, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, setje i verk risikoreduserande tiltak for å redusere miljørisikoen til eit akseptabelt nivå. Risikoreduserande tiltak omfattar både tiltak som reduserer sannsynet for, og konsekvensane av, uønskte hendingar.

### **12.3 Beredskap mot akutt forureining**

Dersom dei risikoreduserande tiltaka etter punkt 12.2 ikkje reduserer risikoen for akutt forureining til eit akseptabelt nivå, skal verksemda etablere beredskap med tilhøyrande beredskapsplan, basert på verksemda si miljørisikovurdering.

Beredskapsplanen skal beskrive organisering av beredskapen, naudsynt utstyr, responstid og innsatsplanar.

Beredskapen skal vere tilpassa restrisikoen etter gjennomførte risikoreduserande tiltak.

Den driftsansvarlege skal etablere ein beredskapsorganisasjon med naudsynt personell og utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonert for restrisikoen.

Beredskapen skal øvast minst ein gong per år.

---

<sup>13</sup> Vannmyndighetenes fagsystem for registrering og analyse av tilstanden i vatn: <http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>

## 13 Eigarskifte

Dersom verksemda blir overdregen til ny eigar, skal den driftsansvarlege sende melding til Statsforvaltaren så snart som mogleg og seinast éin månad etter eigarskiftet.

## 14 Nedlegging og driftsstans

Ved nedlegging eller stans skal verksemda syte for at råvarer, inkludert fiskefôr, kjemikal og legemiddel, produksjonsutstyr og avfall, inkludert ensilasje og daud fisk, blir teke hand om på forsvarleg måte, under dette at farleg avfall blir handtert i samsvar med gjeldande forskrift<sup>14</sup>. Dei tiltaka som blir sette i verk ved slike høve, skal rapporterast til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal og innehalde dokumentasjon av disponeringa av kjemikalierestar og ubrukte kjemikal og namn på eventuell(e) kjøpar(ar).

Ved nedlegging av ei verksemd, skal den ansvarlege syte for at driftsstaden igjen blir sett i miljømessig tilfredsstillande stand. Den driftsansvarlege skal også for nedleggingsåret rapportere i samsvar med punkt 11.4.

Dersom verksemda ønskjer å starte på nytt, skal verksemda gje melding til Statsforvaltaren i god tid før start er planlagt.

---

<sup>14</sup> [Avfallsforskrifta kapittel 11](#) om farleg avfall